

Opplegg til lesestund: *Ulla*

Anna R. Folkestad, Samlaget 2019.

TIPS:

- **La barna sitje i ein halvsirkel framfor deg.** Då kan alle sjå bileta i boka undervegs.
- **Lag ein koffert eller boks** der du kan leggje ting eller bilete som passar til boka du skal lese. Då kan de snakke om desse tinga før de begynner å lese.
- **Eit lesestopp** er ein pause du tek midt i lesinga. Pausen kan komme spontant, til dømes når barna har eit spørsmål eller oppdagar noko i eit bilete, eller det kan vere planlagt av deg som les høgt. Då kan de snakke saman om det som skjer i boka.
- **Eit oppslag** er det same som ei dobbeltside i bildeboka. Sidan bildebøker ofte ikkje har sidetal, tel ein i oppslag: 1, 2, 3 osv. Oppslag 1 byrjar etter sida med tittelen.

FØR LESING

- **Forslag til ting du som vaksen kan leggje i ein forteljarkoffert eller boks (sjå tips over):** Leikedyr eller bilete av sau/lam, bever, røyskatt, brunbjørn, elg og kanin.
- **Forslag til noko du som vaksen kan fortelje eller snakke med Sokkedyret* om:**
Du – eller Sokkedyret – kan ta fram eitt dyr om gongen og snakke med barna om det: Kva heiter dyret på norsk og på andre språk? Kvar bur det? Kva et det? Korleis er pelsen? Kva gjer dyret? De kan òg førestille dykk at de er dette dyret: Korleis kjennest det å vere sau/bever/røyskatt ... osv.? Korleis ser de verda rundt dykk? Kva slags lydar høyrer de? Kva luktar? Kva tenkjer de på? Kva er fint med å vere dette dyret, og kva er vanskeleg?
- Du kan òg fortelje/snakke med Sokkedyret om ein gong du kjende deg åleine eller gjekk deg bort. Korleis var det? Og korleis gjekk det til slutt? Kva betyr det å gå seg vill, eller å gå seg bort? Har nokon av dykk gått dykk vill? Kva gjorde de for å finne vegen heim eller tilbake dit de skulle? Fekk de hjelp frå nokon?
- Deretter kan de finne fram boka.
- **Sjå saman på framsida til boka og snakk om kva de ser:**
 - Kva legg de merke til på framsida? (La barna skildre kva dei ser på biletet)
 - Kan nokon lese kva boka heiter? (Les sjølv viss ingen av barna vil.)

Kanskje det står noko meir på baksida av boka?

Les baksideteksten:

 - Kva er Ulla flink til?
 - Kva betyr ordet flokk? Kan de andre ord som betyr det same? (Til dømes: gruppe, lag, gjeng, familie og tropp.)
 - Kva kan en flokk gjere saman?

UNDERVEGS: LESESTOPP

Til alle lesestopp: Kva ser de på biletet? Kva trur de kjem til å skje vidare? NB! Lesestoppa er berre forslag. Nokre gonger kan det vere fint å lese heile boka først utan å stoppe, og så gå tilbake og snakke om nokre av oppslaga.

Oppslag 1 og 2 – Ulla og flokken

- Kven er i same flokk som Ulla? (Albert, Ullbert og Ronny). Kva slags dyr er dei?
- Kva seier Ronny om å vere med i ein flokk?
- Kvifor synest Ronny det ikkje er ein god idé å spørje kaninen Turid om å lage vaffelrøre?
- Kva tenkjer de? Kva er ein flokk? Kva kan ein flokk gjere saman?
- Kven er flinke til kva i saueflokken? Kva er Ullbert, Albert, Ronny og Ulla flinke til?

Oppslag 3 og 4 – Gøymse

- Kva tenkjer Ulla når ho har gøymt seg?
- Korleis er ein perfekt gøyme plass når du leikar gøymse?
- Kva tenkjer Ulla når dei andre i flokken ikkje finn ho?
- Sjå på kroppen og ansiktet til Ulla (først oppslag 3, så oppslag 4). Kva er forskjellen? Korleis kan ein sjå at ho er glad (oppslag 3) og redd (oppslag 4)?

Oppslag 5 – 7: Over elva er vegen heim

- Kva spør Ulla beveren Jon om når ho møter han ved elva?
- Ulla seier at viss flokken hennar hadde vore der, ville dei ha komme seg over elva kjempelett. Korleis trur de saueflokken hadde klart det?
- Korleis hjelper beveren Jon Ulla? Kva er trikset hans? Kva er alle beverar flinke til?
- Kva svarer Ulla når beveren Jon spør om det er fint å ha ein flokk? («Det som er fint med flokk, seier Ulla – er at ein ikkje kjenner seg så åleine.»)

Oppslag 8 – Forbi bjørnen er vegen heim

- Før du les: Kva slags dyr ser de her? (Beveren Jon, eit blått dyr som er røyskatten Siri, Ulla og ein sovande bjørn.)
- Kva ser de ved sida av bjørnen?
- Kva spør Ulla røyskatten Siri om når ho møter han ved bjørnen?
- Ulla seier at viss flokken hennar hadde vore der, ville dei ha kome seg forbi bjørnen kjempelett. Korleis trur de saueflokken hadde klart det?

Oppslag 9 og 10 – Trikset til røyskatten

- Sjå på biletet (oppslag 9): Kva gjer røyskatten Siri, beveren Jon og Ulla? Kva er trikset til røyskatten Siri?
- Kva svarer Ulla når røyskatten Siri spør om det er fint å ha ein flokk? («Det som er fint med flokk,» seier Ulla, «er at ein har nokon å le saman med.»)

Oppslag 11 og 12 – Gjennom steinraset er vegen heim

- Kva spør Ulla elgen Ragnar om når ho møter han ved elva?
 - Ulla seier at viss flokken hennar hadde vore der, ville dei ha komme seg gjennom steinraset kjempelett. Korleis trur de saueflokken hadde klart det?
 - Kva er trikset til elgen Ragnar?

- Kvifor trur de elgen Ragnar har lyst til å slå følgje med dei andre dyra?
- Kva svarer Ulla når elgen Ragnar spør om det er fint å ha ein flokk? («Det som er fint med flokk,» seier Ulla, «er at ein kjenner seg trygg.»)

Oppslag 13 – 15: Kva for ein flokk er best?

- Kvifor trur de beveren Jon foreslår at dei fire dyra – Ulla, røyskatten Siri, elgen Ragnar og han sjølv – kan vere ein flokk?
- Kva skjer når Ulla kjem heim til saueflokken igjen, til Ullbert, Albert og Ronny? Kvifor har dei ikkje leita etter henne?
- Kva for ein flokk er best – saueflokken eller den nye flokken? Kvifor?

Oppslag 16 og 17

- Sjå på bileta. Korleis ser det ut som Ulla har det? Kvifor ser ho trist ut på det første biletet og glad ut på det andre?
- Kvifor seier elgen Ragnar at dei må gøyme seg?

Oppslag 18 – Kven er flinkast til å gøyme seg?

- Kvifor trur bjørnen at det er Ronny som har teke blåbæra hans?
- «Ingen klarer å gøyme seg for meg,» seier bjørnen. Kva er det Ulla er flink til?

Oppslag 19 – 20: Heile flokken saman

- Kva skjer i bakgrunnen på biletet (oppslag 19)? Kvifor jagar bjørnen Ronny?
- Kven er med i flokken no – og kva er dei flinke til?
- Hugsar de kva Ulla har sagt om kva som er fint med ein flokk? («... at ein ikkje kjenner seg så åleine», «... at ein har nokon å le saman med», og «... at ein kjenner seg trygg».) Kva andre ting kan vere fint med å høyre til i ein flokk?

ETTER LESING

Etter at boka er ferdiglesen

- Kva likar de med denne boka? Kvifor?
- Kvifor trur de forfattaren har skrive og teikna denne boka?

Kva kan vi gjere saman med andre? Kva er fint å gjere åleine?

Snakk saman og skriv/teikn på lappar:

- 1) dømme på noko som er fint å gjere saman med andre, med ein flokk
- 2) dømme på noko som er fint å gjere åleine

Legg ut eit hoppetau. La barna plassere lappane på hoppetauet éin og éin. Alle seier kva dei har teikna og skrive, og skal òg seie kvifor dei plasserer lappen der dei gjer det:

NOKO SOM ER FINT
Å GJERE SAMAN
MED ANDRE

NOKO SOM ER FINT Å BÅDE
GJERE SAMAN MED ANDRE
OG ÅLEINE

NOKO SOM ER FINT
Å GJERE ÅLEINE



Kva kan vi gjere saman – i flokken vår?

Ta utgangspunkt i lappane barna har laga med forslag til ting ein kan gjere. Legg eventuelt til nokre eigne døme. Snakk saman om eksempla på ting som er fint å gjere saman, og lag til dømes ein plakat med idear som de kan henge opp på veggen.

Opplegget er laga av Toril Hægeland, universitetslektor ved OsloMet, 2025.

* For meir info om Sokkedyret: Sjå film på lesoglek.no.

